MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	**Stord sokneråd**	
Tid:	**Onsdag 30.sept 2026 Kl. 19.00 – 21.00**	
Møtestad:	**Kyrkjekontoret**	Servering av kake ifm årets jubilanter (Kirsti og Knut)
Opning:	**Runar**	

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Runar Larsen (vara for Jørgen Knudsen) og Åslaug L. Nag (3.vara).
Forfall: Magne Andresen, Knut Johannes Gram, Jørgen Knudsen, Dag Kjetil Lægreid, Runar Isdahl

SAKLISTE

2026/41 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak: Godkjent

2026/42 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte
Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt:
Markering av runde dagar i soknerådet
(Vert markert på september-møtet kvart år med kake i rådsmøtet + blomar til jubilantane som feirer rund dag inneverande kalenderår (heile 10 år))

2026/43 - 013 Fullmakt for årsmøte i Sunnhordland Prostiråd
Sunnhordland prostiråd har sendt følgande førespurnad til sokneråda:
«*Styremedlemene i prostirådet vert valde for fire, etter kvart soknerådsval. Årsmøte i prostirådet skal likevel haldast kvart år, der godkjenning av årsmelding og rekneskap vert dei viktigaste postane. Det er sokneråda i Sunnhordland som har medlemskap i prostirådet. Me kan ikkje rekna med særleg frammøte dersom me skipar fysisk årsmøte – kun for å godkjenna årsmelding og rekneskap. Styret i prostirådet rår difor til at soknerådet gjev fullmakt til kyrkjeverja å representera soknerådet på årsmøtet. Då kan årsmøte haldast i samband med ei samling for kyrkjeverjene i Sunnhordland. Soknerådet kan senda eigen representant til årsmøte dersom dei måtte ynskja det.*»
Årsmelding og årsrekneskap for 2025 + innkalling til årsmøtet vedlagd innkallinga.

Vedtak:
Soknerådet gjev kyrkjeverja i Stord Kyrkjelege Fellesråd fullmakt til å representere Stord sokn på årsmøtet for Sunnhordland Prostiråd som vert gjennomført hausten 2026.

2026/44 - 411 Flaggstang ved Stord kyrkje
Fleire i soknet har ytra at dei saknar ei flaggstang ved kyrkja vår. AU inviterer soknerådet til å drøfte innspelet og vurdere ein førespurnad til fellesrådet om dette.

Moment frå samtalen:
- *Fleire er positive til dette, men fleire peiker og på at det forpliktar å ha flaggstong.*
- *Behov for avklaringar kring kva rutinar som skal gjelde (når skal ein flagge?) og om det har store kostnadar til drift. Erfaringar frå Sveio med at kommunen heng opp flagg ved kyrkja når dei likevel heiser flagg på andre plassar.*
- *Saken høyrer heime i fellesrådet og må drøftast med stab.*

Vedtak:
Soknerådet er positive, men ser at det følgjer med ein forplikting. Soknerådet vil be Fellesrådet om å ta opp saka og gjere ei vurdering.

2026/45 - 013 Innspel til tema i prostirådet
Sigrid Eskeland fremjar forslag til tema som prostirådet kan vurdere som etterfølgjar til ungdomsåra 2025-2026. Soknerådet drøftar innspelet og evt andre tema.

Moment frå samtalen:
- *Sigrid fremja «eit lovsongsår» som framlegg til nytt tema etter dei to ungdomsåra. Temaet famner alle aldrar og kan gjes mange uttrykk i dei lokale kyrkjelydane. Framstår som eit samlande tema med mykje glede.*
- *«Syng lovsong heile jorda», Taize-gudstenester, lovsong i kyrkja med salmer, gospelkveld e.l.*
- *Eit anna tema som var lufta (som kan vere aktuelt seinare?) er unge vaksne.*

Vedtak: Soknerådet gir innspel til prostiråd om tema for neste år: Eit lovsongsår.

2026/46 - 002 Nominasjonskomite for kyrkjevalet 2027

Soknerådet skal oppnemne ein nominasjonskomite for soknerådsvalet 2027. Arbeidet i komiteen skal starta seinast rundt januar 2027, men AU føreslår å oppnemne valkomiteen allereie no så dei kan førebu arbeidet og byrje tenkje på kandidatar. Komiteen skal bestå av minst 3 medlemmer og deltakarar i komiteen kan og vere kandidatar på den endelege lista. Sigrid Eskeland har sagt seg villig til å delta i komiteen om ønskeleg.
AU inviterer også soknerådsmedlemmene til å seie noko på møtet om kven som ønskjer attval, og til ei felles idemyldring kring aktuelle namn nominasjonskomiteen kan spørje.

Moment frå samtalen:
- *Det er 1 av dei til stades som seier klart at vedkommande stiller til val på nytt i 2027, 3 som seier nei til attval og 3 som framleis er i tenkeboksen.*
- *Det er viktig å få til ei grad av kontinuitet så me håpar på god blanding av at nokre vert med vidare og samstundes ei grad av fornying. Førebels ser kontinuitet ut til å verte meir utfordrande enn fornyinga.*
- *Innspel på namn i møtet vert sendt til nominasjonskomiteen. Generelt innspel om å rekruttere fleire yngre inn i soknerådet, m.a. fra Katalyma arbeidet og kanskje heilt ned mot ungdomsskulealder (utgongspunkt i ungdomsutval). Det vart sagt i møtet at ein kunne veljast frå ein er 15 år, men i ettertid er det sjekka at ein må fylle 18 år i valåret (men at ein stemmer frå ein er 15 år).*

Forslag til vedtak:
Stord soknerådd oppnemner følgjande nominasjonskomite for kyrkjevalet 2027:
- Sigrid Beate Tveit Eskeland
- Reidun Andersen (represent frå stab)

Sigrid får i oppgåve å snakke med fleire aktuelle kandidatar til nominasjonskomiteen fram mot neste møte, og soknerådet tek opp saka på nytt for å lande endeleg komite då.

2026/47 - 362 Misjonsutval / misjonsprosjekt

Misjonsavtalen for soknet (Normisjon: Cuba) går ut ved nyttår i 2026, og rådet treng å ta stilling til om me ønskjer forlenge avtalen eller vurdere eit nytt prosjekt. Soknerådet vedtok som ein av satsingane å vurdere oppstart av eit misjonsutval. AU inviterer soknerådet til å drøfte kva me vil på dette området, og å finne ut kven som er interessert i arbeide meir med avklaringar rundt misjonsprosjekt framover – anten som misjonsutval eller ei meir avgrensa oppgåve knytt til avklaring av misjonsprosjekt.

Moment frå samtalen:
- *Det kom snart fram i samtalen at soknerådet er innstilt på å halde fram med Cuba framfor å bytte prosjekt enno – me opplever oss ikkje ferdige med Cuba.*
- *Soknerådet opplever at det er for lite nyhende / informasjon frå Cuba til at vi heilt klarer å halde kyrkjelyden «påkobla» arbeidet. Ved ei forlenging ønskjer vi gjere tiltak saman med Normisjon for å sikre meir informasjon undervegs. Kan vi spørje om nokre «brev» frå kyrkjelydane der, kan vi bruke Normisjons-magasinet «Ferskvare» meir o.l.*
- *Naturleg å forlenge med 2 år så ein slepp å ta stilling til nytt misjonsprosjekt rett etter kyrkjevalet i 2027, difor innstilling på å forlenge ut 2028 – så kan nytt råd ta stilling til vidare forlenging eller bytte av prosjekt.*

- *Når det vert aktuelt med bytte er det forslag om fokus på Madagaskar med bakgrunn i at det er fleire lokale krefter i Sunnhordland som har god kontakt med arbeidet der. NMS vart og nemnt som kyrkja sin misjonsorganisasjon.*

Vedtak:
Soknerådet vil forlenge misjonsavtalen med Normisjon om arbeid på Cuba i to år (ut 2028), men ønskjer meir informasjon fra Normisjon undervegs.

2026/48 - 121 Innkjøp utstyr til ungdomsarbeid/ungdomsutval

Ungdomsutvalet har førespurd økonomisk støtte til innkjøp av utstyr til bruk i ungdomsarbeidet. *Runar Larsen la fram i møtet at utvalet ønskjer å kjøpe ein Nintendo switch som koster totalt ca. kr. 5000,-. Ein legg opp til at både Stord og Nysæter sokneråd bidreg med midlar og at ein eig utstyr felles.*

Vedtak:
Stord sokneråd innvilgar kr 5000,- til bruk i ungdomsarbeidet. Dersom innkjøpet av Nintendo Switch ikkje fullt ut brukar dei 5000kr står utvalet fritt til å bruke resterande midlar på andre relevante innkjøp av utstyr til bruk i ungdomsarbeidet. Beløpet finansierast med midlar til borne- og ungdomsarbeidet i soknet.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Orientering frå fellesrådet v/Dag
    a. Ikkje så mye nytt å melde frå fellesrådet (av omsyn til knapp tid i møtet)
    b. Kort referat frå Bjørgvinsamtalen. Positivt. Mykje tid til å prate.
    Konkret info gjeven i samlinga kring nye ordningar for støtte til kyrkjeleg undervisning og læring, som no vil knyttast til aktivitetar meldt inn i Kyrkja vår, med vedtak i soknerådet.
    Ordninga legg opp til kalenderår, og ikkje skuleår som me har brukt i Kyrkja vår.
    Dag og Anders drøftar med Guro og Solbjørg før dei neste møta våre.
2. Løypemelding vedr. arbeid med dugnads-maling av benker (v/Sigrid)
    a. Kort redegjering kring lesarinnlegg frå Anders Dahl og Guro Betten
    b. Synfaring i kyrkja gjennomført, m.a. med dyktige og positive fagfolk innan maling og snekring: Helge Hillestad, Arne Aadland, Geir Tapio Hansen.
    c. Fellesrådet har innvilga 25 000kr til maling/utstyr.
    d. Fokus er kortsiktig, men skal sjå skikkelig ut. Praktisk må ein ta ut nokre benker om gongen og frakte til ein annan stad for å pusse dei ned. Kyrkja skal ikkje stengast.
    e. Møbleringsutvalet har diskutert behov for ein tilstandsrapport på benkene, t.d. levetid. Det bør kunne utførast i samband med at benkene er ute av kyrkja.
3. Stemningsrapport / evaluering kyrkjelydsleir 18-20 sept.
    a. God stemning, ca 60 deltakarar med deltaking frå begge sokn. Ikkje så mange bornefamiliar fra Stord i år, men satsar på det klaffar betre neste år.
    b. Brandøy er leigd først helga i oktober neste år (som ikkje er i haustferien).
    c. Soknerådet drøfta kort og bekrefta at ein framleis ønskjer felles leir med Nysæter.
4. Prostidagen 2026 – 22.okt på Tysnes
    a. Arrangerast i samband med bispevisitas. Guro har bede om tilbakemelding på deltakelse frå soknerådet. Leiar tek ei samla påmelding når referatet sendast ut.

Skriv, referat og meldingar

1. Økonomistatus pr 31.08.2026
2. Referat, Kyrkjestova Fredheim 24.aug
3. Referat, Gudstenesteutval 15.sept

Anders Dahl
soknerådsleiar

Kirsti Frugård
referent